


Sætre med bok 30.juli

16.07.2010

[Boka som kjem 30.juli](#)

Uskedelingen og skipsveteranen Harald Sætre lanserer fredag 30. juli bok ombord i DS Stord, som ligg ved Holbergskaien i Bergen sentrum.

Sætre har heilt frå barndommen hatt interesse for skipsfart, særleg for lokalrutebåtane på Vestlandet.

Han har i 30 år vore aktivt med i Veteranskipslaget Fjordabåten, både som tillitsvald, med administrativt arbeid og som mønstra mannskap på båtane.

Boka han kalla 'Damp, diesel og pågangsmot' og det er Otto Ersland i Kapabel Forlag som står for utgjevinga.

Ersland har i dei seinare åra presentert fleire bøker om 'gamal' skipsfart på Vestlandet og den knaggen han og Sætre denne gongen har hengt seg på er at det har gått 30 år sidan Veteranskipslaget Fjordabåten vart skipa. og gamle Stord henta heim frå Oslo.

Og det er 22 år sidan laget kjøpte lokalrutebåten Granvin like etter at den gjekk ut av rutetrafikk i Hardanger.

Begge båtane er altså teke vare på og representerer kvar sin generasjon og fartøytype.

Gjennom aktiv bruk har dei to vorte naturlege innslag i fjordane våre her vestpå, slår Ersland fast.

Nye generasjonar har fått høve til å bli kjende med båtane og korleis det var å reisa i tidlegare tider då sjøen var hovudvegen.

Av Ola Matti Mathisen



Harald Sætre i HSD-genser ombord i Stord. (Foto: Kristian Olav Bringedal)